



Arkivnr: 2019/2073-12

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.08.2019

## Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken skuleåret 2019-2020

### Samandrag

Ved kongeleg resolusjon av 10. mai 2019 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Av midlane som går til Den kulturelle skolesekken (DKS) er Hordaland fylkeskommune (HFK) tildelt kr 17 062 808 til DKS skuleåret 2019-2020. Midlane er fordelte etter ein fordelingsnøkkel med variablane elevtal, geografiske avstandar og infrastruktur.

I samanheng med samanslåinga av HFK og Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFJ) er det administrativt bestemt at HFK og SFJ handsamar og fastsetter programmet for skuleåret 2019-2020 kvar for seg, og gjennomfører sine respektive planar fram til og med våren 2020.

Minst ein tredjedel av midlane som HFK er tildelt til grunnskulen skal nyttast til tiltak i regi HFK, og minst ein tredjedel skal fordelast vidare til kommunane. Kommunestrukturen pr. juni 2019 er lagt til grunn for vidarefordeling av midlar til kommunane.

Tidlegare har midlar til skulekonsertordninga og midlar til Den kulturelle skolesekken vore tildelt HFK kvar for seg. Av desse to tildelingane er det berre spelemidlar til DKS som delvis har vore vidarefordelt til kommunane.

I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som ville hatt lite midlar å nytte til lokale tiltak berre med sin del av tredjedelen. Med bakgrunn i dette har HFK tidlegare fordelt ein større del av midlane til kommunane, med utgangspunkt i tal skular i kvar kommune. Etter at DKS i 2016 vart lagt til Rikskonsertane, og skulekonsertordninga i perioden frå 2017 til 2018 vart avvikla som eigen ordning, har det vore ein gradvis overgang til ei samla tildeling. Frå og med skuleåret 2018-2019 er 1/3 til kommunane berekna med utgangspunkt i den samla tildelinga til grunnskulen. Det betyr at kommunane får meir enn dei gjorde tidlegare. Argumentet for å gje kommunane eit tillegg på toppen av 1/3 er dermed ikkje like gjeldande.

Med bakgrunn i at midlane som er utgangspunkt for vidarefordeling til grunnskulen er auka, ser ikkje fylkesrådmannen grunn til å vidareføre praksis med eit tillegg på toppen av 1/3 til alle kommunane. Dersom HFK vidarefordeler berre 1/3 til alle kommunane Hordaland, vil mindre kommunar få mindre i kroner enn ved førre tildeling, fordi dei kjem därlegare ut på grunn av elevtal, geografiske avstandar og infrastruktur. Fylkesrådmannen rår derfor til at desse kommunane får same tildeling i kroner som ved førre tildeling, medan dei største kommunane får sin del av 1/3. Det betyr at ingen av kommunane får ein negativ utvikling samanlikna med førre tildeling.

Kulturtanken jobbar med utvikling av nye fordelingsnøkklar. Desse skal vera klare pr. 01.01.2020, og blir tatt i bruk i samband med fordeling av spelemidlar for skuleåret 2020-2021.

**Økonomi:** Hordaland fylkeskommune får tildelt spelemidlar frå Kulturtanken til kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Saka gjeld fordeling av desse midlane.

**Klima:** Saka vil ikkje bety noko for klima.

**Folkehelse:** Kultur bidreg til betre folkehelse, men saka i seg sjølve vil ikkje bety noko for dette.

**Regional planstrategi:** Kunst- og kulturformidling i skulen er del av Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan.

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Kommunestrukturen pr. juni 2019 vert lagt til grunn for vidarefordeling av midlar til kommunane.
3. Total tildeling på kr 17 062 808 vert fordelt slik:  
Del DKS i vidaregåande skule: kr 4 762 808  
Del DKS i grunnskulen: kr 12 300 000
4. Del DKS i grunnskulen vert fordelt slik:  
Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg til nokre kommunar): kr 4 388 847  
HFK sitt turneprogram til grunnskulen: kr 7 911 153
5. Tildeling til kommunane vert fordelt slik:

Askøy	kr 378 514	Jondal	kr 32 803
Fjell	kr 389 955	Kvam	kr 175 225
Kvinnherad	kr 311 585	Masfjorden	kr 58 607
Lindås	kr 266 638	Meland	kr 127 382
Os	kr 240 230	Modalen	kr 28 943
Stord	kr 250 028	Odda	kr 109 001
Voss	kr 256 367	Osterøy	kr 181 459
Austevoll	kr 119 604	Radøy	kr 98 804
Austrheim	kr 53 425	Samnanger	kr 61 942
Bømlo	kr 210 860	Sund	kr 136 033
Eidfjord	kr 31 373	Sveio	kr 114 992
Etne	kr 81 802	Tysnes	kr 83 984
Fedje	kr 29 944	Ullensvang	kr 98 838
Fitjar	kr 69 185	Ulvik	kr 33 375
Fusa	kr 124 740	Vaksdal	kr 91 894
Granvin	kr 32 231	Øygarden	kr 109 084

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Fordeling skuleåret 2019 2020
- 2 Hordaland fylkeskommune\_Brev om spillemidler for skoleåret 2019-2020
- 3 18-00414-3 Retningslinjer for tilskudd 2019 spillemidler idrett og kultur 498452\_1\_1

## **Fylkesrådmannen, 03.07.2019**

Ved kongeleg resolusjon av 10. mai 2019 vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Av overskotet går kr 288 270 000 til Den kulturelle skolesekken (DKS), og av dette får Hordaland fylkeskommune (HFK) kr 17 062 808 til DKS skuleåret 2019-2020. Midlane er fordele etter ein fordelingsnøkkel med variablene elevtal, geografiske avstandar og infrastruktur.

Av midlane som er tildelte HFK tilrår Kulturtanken at om lag kr 12,3 mill. nyttast på grunnskulen og om lag 4,8 mill. på vidaregåande skule. Den delen som skal nyttast på grunnskulen er utgangspunktet for vidarefordeling av midlar til kommunane. Bergen kommune er ein direktekommune, og har såleis sjølv ansvar for DKS til elevane i grunnskulen. Dei får spelemidlar til DKS i grunnskulen direkte tildelt frå Kulturtanken.

Tildelinga for skuleåret 2019-2020 og vidarefordeling av midlar til kommunane er spesiell sidan vi står ovanfor ein fylkes- og kommunesamanslåing. Frå 01.01.2020 er HFK og Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFJ) slått saman til Vestland fylkeskommune. I samanheng med samanslåinga er det administrativt bestemt at HFK og SFJ handsamar og fastsetter programmet for skuleåret 2019-2020 kvar for seg, og gjennomfører sine respektive planar fram til og med våren 2020. Eit DKS-program i full regi Vestland fylkeskommune vil ikkje bli planlagt før hausten 2020. Kommunestrukturen pr. juni 2019 er lagt til grunn for vidarefordeling av midlar til kommunane. Kommunane må sjølv ta ansvar for sine planleggingsprosessar i samanslåingsperioden, og korleis midlane skal overførast til dei nye kommunane.

### **Fordeling av midlane**

Minst ein tredjedel av midlane som HFK er tildelt til grunnskulen skal nyttast til tiltak i regi HFK, og minst ein tredjedel skal fordelast vidare til kommunane. Tidlegare har midlar til skulekonsertordninga og midlar til Den kulturelle skolesekken vore tildelt HFK kvar for seg. Av desse to tildelingane er det berre spelemidlar til DKS som delvis har vore vidarefordelt til kommunane. Etter at DKS i 2016 vart lagt til Rikskonsertane, og skulekonsertordninga i perioden frå 2017 til 2018 vart avvikla som eigen ordning, har det vore ein gradvis overgang til ei samla tildeling.

I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som ville hatt lite midlar å nytte til lokale tiltak berre med sin del av tredjedelen. Med bakgrunn i dette har HFK tidlegare fordelt ein større del av midlane til kommunane med utgangspunkt i tal skular i kvar kommune. – Tillegget ut over 1/3 er tatt får den siste tredjedelen av spelemidlane. Resterande del av tredjedelen går til styrking av HFK sit tilbod, og vert såleis nytta til turnering og formidling i kommunane.

Frå og med skuleåret 2018-2019 er 1/3 til kommunane berekna med utgangspunkt i den samla tildelinga til grunnskulen. Først i tildelinga for skuleåret 2019-2020 er den samla tildelinga den totale summen av tidlegare midlar til skulekonsertordninga og midlar til Den kulturelle skolesekken. Det betyr at kommunane får meir enn dei gjorde tidlegare. Argumentet for å gje kommunane eit tillegg på toppen av 1/3 er dermed ikkje like gjeldande.

Med bakgrunn i at midlane som er utgangspunkt for vidarefordeling til grunnskulen er auka, ser ikkje fylkesrådmannen grunn til å vidareføre praksis med eit tillegg på toppen av 1/3 til alle kommunane. Dersom HFK vidarefordeler berre 1/3 til alle kommunane Hordaland, vil mindre kommunar får mindre i kroner enn ved førre tildeling, fordi dei kjem därlegare ut på grunn av elevtal, geografiske avstandar og infrastruktur. Fylkesrådmannen rår derfor til at desse kommunane får same tildeling i kroner som ved førre tildeling, medan dei største kommunane får sin del av 1/3. Det betyr at ingen av kommunane får ein negativ utvikling samanlikna med førre tildeling. Dei største kommunane i denne samanheng, er Askøy, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Os, Stord og Voss.

Kulturtanken jobbar med utvikling av nye fordelingsnøkklar. Desse skal vera klare pr. 01.01.2020, og blir tatt i bruk skuleåret 2020-2021. Det betyr at fordeling av midlar vil bli endra for neste tildeling, det vil sei tildelinga i 2020.

### **Mål og prinsipp for DKS**

DKS skal sikre born og unge i skulen eit profesjonelt kunst- og kultertilbod innanfor alle dei seks kunst- og kulturuttrykka; film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst. Midlane til ordninga skal nyttast

i tråd med mål og prinsipp som er vedteke i St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken* og St.meld. nr. 8. (2007-2008) *Kulturell skulesekke for framtida*.

Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg har det nasjonale ansvaret for DKS, og forvaltar statlege midlar til ordninga.

Fylkeskommunar og kommunar skal tilby elevar i det 13-årige skulelopet, inkludert lærlingar og lærekandidatar i vidaregåande opplæring, kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet. Alle dei seks uttrykka skal vera representert. Samiske kunst- og kulturuttrykk skal vera ei integrert del av DKS. I 2019 er det eit spesielt fokus på å kartlegge og auke omfanget av produksjonar med nynorsk som målform.

Eit sentralt premiss for DKS er at eleven sjølv skal oppleve tilbodet som relevant, og ha ei rolle i utforminga og gjennomføringa av DKS. For å møte elevene i ein skule prega og forma av digitale teknologiar, bør også tilbodet i DKS reflektere dette. Vidare skal elevar med nedsett funksjonsemne ha lik tilgang og høve til å delta i DKS som andre, både som publikum og aktive deltakarar.

Tilboda i DKS skal medverke til å gjere elevene betre kjend med begge målformar på norsk, samt styrke deira forståing av nordiske nabospråk. Det er også ei målsetting at utøvarar, produksjonar og apparatet som elevene møter speglar vårt mangfoldige samfunn.

Kunstnarar som utfører arbeid i DKS skal betalast i tråd med bransjestandard, og rettshavar sine interesser skal sikrast i samsvar med åndsverklova. Kulturtanken legg til grunn at kunstnarar vert betalt i tråd med rammeavtalen som er forhandla fram mellom Kommunenes Sentralforbund (KS) og Musikernes fellesorganisasjon (Mfo), no Creo. Andre mål og føringar, jamfør tildelingsbrev frå Kulturtanken, dagsett 14. juni 2019.

### Rapportering

HFK og kommunane i Hordaland skal rapportere til Kulturtanken gjennom eit digitalt rapporteringssystem. All rapportering vert gjort pr. kalenderår.

HFK er ansvarleg ovanfor Kulturtanken både for rapporteringa for tilskotet ein sjølv forvaltar, og for det som vert fordelt vidare til kommunane. Bergen kommune rapporterer direkte til Kulturtanken.

Det skal rapporterast på følgjande:

- Økonomi og ressursbruk.
- Gjennomførte aktivitetar innan alle uttrykk.
- Elevmedverknad og samarbeid med skulen spesielt.
- Tilfang av nye produksjonar.
- Mangfold og inkludering.
- Nye formidlingsformar og digital teknologi.
- Samarbeid med og mellom kultur-, forskings- og opplæringssektor.

Alle rapportar skal verte vurderte i samsvar med mål, føringar og prinsipp for DKS. HFK er ansvarleg for vurdering av rapportane frå kommunane i Hordaland, medan Kulturtanken vurderer rapporten frå HFK og Bergen kommune.

HFK skal rapportere etter følgjande fristar:

- Rapport for 2019: 15. februar 2020.
- Revidert rekneskap for 2019: 1. mai 2020.

HFK justerer kommunane sine fristar etter ovanfor nemnde fristar, og opplyser om dette i deira tildelingsbrev.

### Fordeling skuleåret 2019-2020

Fylkesrådmannen rår til at total tildeling på kr 17 062 808 vert fordelt slik:

Del DKS i vidaregåande skule: kr 4 762 808

Del DKS i grunnskulen: kr 12 300 000

Del DKS i grunnskulen vert fordelt slik:

Tildeling til kommunane (1/3 av midlane + tillegg til nokre kommunar): kr 4 388 847

HFK sitt turneprogram til grunnskulen: kr 7 911 153

Tildeling til kommunane vert fordelt slik:

Askøy	kr 378 514	Jondal	kr 32 803
Fjell	kr 389 955	Kvam	kr 175 225
Kvinnherad	kr 311 585	Masfjorden	kr 58 607
Lindås	kr 266 638	Meland	kr 127 382
Os	kr 240 230	Modalen	kr 28 943
Stord	kr 250 028	Odda	kr 109 001
Voss	kr 256 367	Osterøy	kr 181 459
Austevoll	kr 119 604	Radøy	kr 98 804
Austrheim	kr 53 425	Samnanger	kr 61 942
Bømlo	kr 210 860	Sund	kr 136 033
Eidfjord	kr 31 373	Sveio	kr 114 992
Etne	kr 81 802	Tysnes	kr 83 984
Fedje	kr 29 944	Ullensvang	kr 98 838
Fitjar	kr 69 185	Ulvik	kr 33 375
Fusa	kr 124 740	Vaksdal	kr 91 894
Granvin	kr 32 231	Øygarden	kr 109 084

Renteinntekter av tildelte midlar skal gå til føremålet. Det same gjeld eventuell meirverdiavgiftsrefusjon som vert generert av aktivitet i DKS.

Kulturtanken kan setje i verk kontroll med at midlane vert nytta i samsvar med føresetnaden.